



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/743 - 16/1011

Saksbehandlar:

Kjell Ølnes

kjell.olnes@meland.kommune.no

18.01.2016

Oppfølging av tilsyn - Meland kommune barneverntenesta 2015

Takk for særdeles rask tilbakemelding på vårt tilsvar av 30.12.2015.

Dessverre kan vi ikkje sjå at Fylkeamannen har grunnlag for å sei at rutina ikkje omhandlar barnevernet sin plikt til å gje tilbakemelding til off.meldar om kva tiltak etter endt undersøking går ut på. Den reviderte rutinen – pkt. 3.2. *Rutinar for arbeid med meldingar.* – avsnitt 8 og 9 omhandlar dette. Her står det:

Etter avslutta undersøking gir sakshandsamer skriftleg tilbakemelding til offentleg meldar om det vert sett igabg tiltak etter Lov om Barneverntenester.

Ved tilbakemelding til offentleg meldar om igangsett tiltak skal det vurderast om det er naudsynt å gje opplysningar om kva tiltaket går ut på. Dette av omsyn til meldar sine pliktar overfor barnet.

Pkt. 3.4 *Tilbakemelding til meldar* – omhandlar i hovudsak kva og når barnevernet skal gje tilbakemelding og opplysningar til andre forvaltingsorgan.

Den reviderte rutinen har no vore praktisert i meir enn eit halvt år og vi kan ikkje sjå at vår praksis ikkje er i tråd med § 6.7 a.

Dei naudsynte endringane vart sett i gang like etter tilsynet, og som tidlegare meldt så fungerer dei godt. Det er vaskeleg å sjå kva anna form for tilbakemelding / elvaluering fylkesmannen ser for seg.

Med helsing

Kjell Ølnes

leiar barnevern

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:
Rutiner for melding

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Ingvild Hjelmtveit